



Helse Bergen  
Postboks 1400  
5021 BERGEN

Arkivsakid-doknr:	18/306-4	Saksh:	Torbjørn Bjotveit	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	18/3387	Telefon:	53 67 35 50	K2 - G00		02.07.2018

## Høyringsvar - Prehospital plan for Helse Bergen HF

Eidfjord kommunestyre - 18/022:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Kommunestyret i Eidfjord sluttar seg til alternativ 2, som prosjektgruppa i Helse Bergen ser som det beste alternativet

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Torbjørn Bjotveit  
kommuneoverlege

Kopi til arkiv og kopibok

**Kopi til:**  
Kvam herad  
Ulvik herad



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord kommunestyre	28.05.2018	18/022

## **Prehospital plan for Helse Bergen HF**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Eidfjord sluttar seg til alternativ 2, som prosjektgruppa i Helse Bergen ser som det beste alternativet

### **28.05.2018 - Eidfjord kommunestyre**

Røysting:  
Samrøystes vedteke.

### **KST - 18/022 - Vedtak:**

Kommunestyret i Eidfjord sluttar seg til alternativ 2, som prosjektgruppa i Helse Bergen ser som det beste alternativet

### **Vedlagt:**

### **Desse har uttalt seg i saka:**

### **Særutskrift skal sendast til:**

### **Endeleg avgjerd i:**

### **Saka gjeld:**

Eidfjord kommune er høyringsinstans i saka som gjeld utkast til prehospital plan for Helse Bergen.

Prehospitala tenester tyder helsevesenet sitt arbeid utanfor sjukehuset. Ansvaret for prehospitala tenester er delt mellom helseføretaka og kommunane. Kommunane har ansvar for fastlegeordninga og legevakt. Ambulansetenestene er styrde av helseføretaka. Frå 2014 har ambulansetasjonen i Eidfjord høyrte til Helse Bergen, etter at Eidfjord kommune fekk alle samarbeidsavtaler med Helse Bergen.

Det føregår ei oppbygging av sokalla «akutthjelpartenester» i kommunane i heile landet. I Helse Bergen sitt område har dei fleste kommunane akutthjelparordning. Det er ofte brann- og redningstenesta i kommunane som tek på seg denne oppgåva, men det må ikkje vera slik. Føremålet med akutthjelparordninga er å kunna setja i gang med livreddande fyrstehjelpstiltak

når pasienten ikkje kan få hjelp «øyeblikkelig» frå legevaktslege eller ambulanse, og at legevaktslege eller ambulanse kan få hjelp ved behov. Helse Vest skal, i samarbeid med Helsedirektoratet og kommunane, etablere ordning for opplæring og bruk av akutthjelparar i kommunane.

Ambulansetenestene vert målt på ulike måtar, mellom anna sokalla på responstid, det vil seia tida det tek frå ambulansesentralen vert varsla på telefon frå innringar, til ambulansepersonell er hos pasienten. I Helse Bergen sitt område har det vore vanskar med å overhalda dei rettleiande responstidene ved akuttoppdrag. Dette har vore medverkande til at alle dei prehospitale tenestene som Helse Bergen har ansvar for no vert vurderte av ei prosjektgruppe, og arbeidet har munna ut i dokumentet «Prehospital plan 2018-2035», som no er på høyring, med høyringsfrist 6. juni.

Med tanke på befolkningsvekst, særleg nær Bergen, og større del eldre i befolkninga, legg Helse Bergen opp til ein auke totalt sett i ambulansekapasiteten

Planen skisserer tre alternativ for organisering av tenestene. Alle alternativa legg opp til ei utbygging av akutthjelparordningar i kommunane. For Eidfjord kommune sin del er elles alternativa fylgjande:

1. Ingen endringar frå noverande organisering
2. Flytting av ambulansetasjonen frå Eidfjord sentrum til Bu.
3. Flytting av ambulansetasjonen frå Eidfjord sentrum til Bu.

Eidfjordambulansen vert allereie no i stor grad nytta for ambulanseoppdrag til Ulvik, Granvin og til Kinsarvik. (Kinsarvik ligg i Helse Fonna sitt område). Det er no vanskeleg å nå pasientane i Ulvik, Granvin og Kinsarvik innanfor rettleiande responstider ved akuttoppdrag. Ved ei flytting av ambulansetasjonen til Bu vil størsteparten av innbyggjarane i Eidfjord nåast innanfor rettleiande responstid, likeeins innbyggjarane i Ulvik, på Oksenhalvøya, i Granvin, og i Kinsarvik. Beredskapsmessig vil det vera ei utfordring ved vegstenging på vegen mellom Eidfjord og Bu dersom ambulansetasjonen ligg på Bu. Ein må då satsa på å få hjelpe av luftambulansen, eller ambulanse frå Geilo. Framlegg til avbøtande tiltak ved flytting av ambulansetasjonen til Bu:

1. Oppbygging av akutthjelparordning i Eidfjord kommune. beredskapen.
2. Utplassere hjartestartarar kringom i kommunen og gjera desse kjende.
3. Kontakta Helse Bergen og be om å få ha ein «gamal» ambulanse ståande i Eidfjord, med noko utstyr i. Denne kan då nyttast av akutthjelparar.

Kommunelegane i Eidfjord rår til at kommunestyret i Eidfjord sluttar seg til alternativ 2, som prosjektgruppa i Helse Bergen ser som det beste alternativet. Dette vil ikkje svekkja ambulansekapasiteten i Eidfjord kommune monaleg, samstundes som kapasiteten vert styrkt i omliggjande kommunar.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

#### **Juridiske konsekvensar:**

#### **Miljømessige konsekvensar:**

#### **Personalmessige konsekvensar:**

#### **Konsekvensar for folkehelse:**

Geir Underhaug  
rådmann

Bjotveit, Torbjørn  
sakshandsamar

Rett utskrift: